

april 2016



Nok ein vellukka samhandlingskonferanse



Dei om lag 150 deltakarane var godt nøgde med årets samhandlingskonferanse, etter evalueringar og tilbakemeldingar å døme. NRK-profilen Eldgrim Fossheim leia konferansen og bandt den godt saman.



Dag 1 omhandla ein del refleksjonar over korleis asylantar og flyktingar kan takast i mot og følgjast opp på ein god måte, med vekt på barn og unge. Korleis ein kan samhandle om å gi barn og unge ein god start i livet prega siste del av dagen.

Dag 2 var også via kva som vil vere viktig «inn i framtida». Å skape pasientens helseteneste saman, bruk av nye metodar, kva som kan bidra til reell pasient- og brukarmedverknad, frivillig arbeid og korleis få hjelp til å meistre eige liv sto på agendaen.




Ved å trykke på lenkene over (dag 1 og dag 2), vil ein få tilgang til oppnak av konferansen på Youtube. Presentasjonar er lagt ut på [KS si heimeside](#) og vil snart også kome på Helse Førde si samhandlingsside.

Samhandlingsstatistikk 2014-2015

Samhandlingsstatistikken som er lagt ut på Helsedirektoratet sine nettsider kan vere kjelde til interessant og nyttig informasjon. Mykje av det same (men ikkje alt enno) vil ein finne på [Samhandlingsbarometeret](#).


Statistikk over liggedøgn for utskrivingsklare pasientar stadfester måloppnåinga i Sogn og Fjordane. Figuren nedanfor viser prosentvis reduksjon frå 2011, samanlikna med Helse Vest og landet. St. Olavs hospital er og teke med, fordi dette området er blant dei som har hatt ei litt anna utvikling.



Vi operer med enno litt lågare tal for Sogn og Fjordane i Samhandlingsbarometeret. Dette kjem an på registreringsmåten. Tala i barometeret er betre kvalitetssikra.


Dersom ein ser på andel reinnleggingar innan 30 dagar i dei regionale føretaka for pasientar som vart meldt

utskrivingsklare og tekne i mot av kommunen same eller neste dag, ser ein følgjande (figur til venstre):



Av statistikkmaterialet går det og fram at fleire liggedøgn for utskrivingsklare pasientar gir mindre andel reinnleggingar.

Det kjem elles fram ein nokså eintydig samanheng mellom kommunestørleik og tal liggedøgn for utskrivingsklare pasientar.



Erfaringskonferanse

For å drøfte tilgjengeleg styringsinformasjon, erfaringar og forbettingspunkt, er det no starta eit arbeid med å planleggje ein ny *erfaringskonferanse*. Denne vil vere knytt til praksis relatert til vekslinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta og korleis gjeldande samarbeidsavtalar og -rutinar fungerer. Dette er ikkje endeleg bestemt, men mogeleg tidspunkt er 01.-02.12.16. Sett av desse dagane for sikkerhets skuld. Sjå omtale og rapport m.v. frå [siste erfaringskonferanse](#).



Kommunereforma



Det pågår viktige prosessar for å finne ut av kva som kan vere ein tenleg kommunestruktur inn i framtida. I desse prosessane er det kommunar som vurderer samanslåing på tvers av gjeldande fylkesgrense. I nord gjeld dette Vågsøy, Selje og Vanylven, og det gjeld Volda, Hornindal og Stryn.

I denne samanhengen er Helse Førde spurt om å bidra til å vurdere mogelege konsekvensar. Dersom endringar skulle føre til ein reduksjon i opptaksområde og befolkningsgrunnlag for Helse Førde, kan det innebære at helseføretaket må sjå på om det er grunnlag for å vidareføre alle dei funksjonane og tenestene føretaket har i dag. Det kan også bli konsekvensar for kommunale samarbeidsstrukturar i Nordfjord, som Helse Førde igjen samarbeider med.

Fylkesmannen har reist spørsmål om endring av føretaksgrense ved endring av fylkesgrensa overfor departementet.

Endringar i systemet for melding av avvik og uønska hendingar som gjeld samhandling

Skjemaet som kommunane er oppmoda om å nytte ved melding av avvik og uønska hending som gjeld samhandling er no forbetra etter gjennomgang i koordineringsrådet. Endringane går m.a. ut på at det skal gå fram dersom hendinga inneber brot på ein samarbeidsavtale eller ein prosedyre. Vidare er det lagt opp til at det skal følgje med ei vurdering frå leiar når meldinga blir sendt. Same retningsliner vil gjelde for Helse Førde. Malane for innhald i oversendingsbrev er også justerte. Sjå aktuelle retningsliner og skjema m.v. på [Helse Førde si samhandlingsside](#).

Det blir elles arbeidd med retningsliner for årsaksanalyse og eit e-læringskurs knytt til samhandlingsavvik. E-læringskurset (nanokurset) som no ligg på nettsida er ikkje heilt tilpassa denne ordninga.

Helse Førde – prosjektet «Pasientens helseteneste»



Arbeidet med å følgje opp Helse Førde sin [utviklingsplan](#) og utvikle pasientens helseteneste går framover som planlagt. Det blir no m.a. arbeidd med å konkretisere dei strategiane og prinsippa som er fastlagt i utviklingsplanen. Dette er tenkt å danne grunnlag for det utviklingsarbeidet som skal skje i åra framover, og utgjere ein kortversjon av planen. Det skal også vere med og gi grunnlag for oppstart av forprosjekt for arealplanen ved Førde sentralsjukehus i oktober 2016.

Brukarsrepresentantar og praksiskonsulentane er direkte involverte i dette, og det er føresett at eksisterande samarbeidsforsa som dialogmøtet og koordineringsrådet skal vere blant arenaene for kommunikasjon med representantar for kommunane. Vidare vil ein legge opp til kommunikasjon med KS sine forsora og regionråda i tida framover.

Aktuelle møte og konferansar

[Brukarutvalet](#) har sitt neste møte den 16.06.16. Det er møte i [koordineringsrådet](#) den 20.04.16. Neste møte i [fagrådet](#) er den 19.05.16. [Dialogmøte](#) mellom Helse Førde og politisk leiing i kommunane/fylkeskommunen er beramma til 27.05.16.